

Vegard til NM-finale

08.10.2011



Vegard Døssland er i stadig framgang

Uskedalens framgangsrike musikar Vegard Døssland har teke eit nytt steg: Han er kvalifisert til NM-finale for solistar som ein av 3 messingblåsarar. Finalen blir avvikla på Norges Musikkhøgskole 26. og 27. november.

Kvalifiseringsopptaka vart vurdert av dommarane John Philip Hannevik og Petter Langfeldt Carlsen.

Det er berre ein til som har kvalifisert seg på finmessaging, nemlig Hans Marius Andersen, som allereise er vel etablert mellom anna gjennom Bergen Filharmoniske.